



Styringsgruppa ved rådmannen og kommunalsjefane har no svara på brevet frå rektor Stein Elling Schille om rehabiliteringa av Rosendal ungdomsskole.

Dei antyder at saka kan koma opp att på førstkomande formannskapsmøte. Men ramma på 50 millionar skal behaldast

Den første løysinga frå prosjektgruppa var tilrådd i to byggjetrinn med ein totalkostnad på opp mot 70 millionar. Dette meinte styringsgruppa var i strid med kommunestyret sittvedtak og bad om endring av planane. Formannskapet vart orientert i juni og ingen tok til orde for å auke løyvinga til rehabiliteringsarbeidet.

Styringsgruppa forstår frustrasjonen som utsetjinga fører til og vil difor peika på ei løysing som framleis kan vera aktuell og som kan få fortgang i saka. Løysinga kan vera at et på neste møte i formannskapet blir lagt fram sak med tilråding om opprusting og utbyggjing av skulen med ny administrasjonsfløy, ny sanitæravdeling, opprusta klasseromsfløy og allmennpraktisk fløy, utbetra symjebassengavdeling og universell utforming – alt med ei ramme på 50 millionar.

Med ei slik løysing vil det truleg vere mogeleg å kome raskare i gang med sjølve arbeidet og dermed vil kanskje også bygget stå ferdig opprusta i god tid før skulestart hausten 2013. Alternativet er at prosjektgruppa og arkitektane får den tid dei treng vil å finna ut om det er mogeleg å finna fram til ei meir kompakt og moderne løysing.

For å få til dette må nok brutto areal pr. elev reduserast ned mot 12,5 kvadratmeter som er det Bergen kommune nyttar som norm. Samtidig må skulen sin elevtalsutvikling legjast til grunn og det betyr langt mindre areal.

Av Ola Matti Mathisen